

STIFTINGA
G-KULTUR

www.g-kultur.no

Unge røyster – ung framtid

Ei viktig satsing for Stiftinga G-Kultur

Unge menneske er engasjerte og nysgjerrige når det gjeld den verda vi lever i og kva slags samfunn vi går inn i. Mange likar å gje uttrykk for sine tankar, visjonar og håp gjennom det skrevne ord, og går kanskje med ein liten «forfattar» i seg. Dette er noko vi dagleg kan observere og erfare f.eks. i aviser og på sosiale medier.

Med «Unge røyster» kan vi forhåpentleg bidra til å løfte fram slike visjonar, og kanskje gje nokre unge menneske litt hjelp framover til ei mogleg framtid som skribent, forfattar eller journalist, eller anna verksemd der det skrevne ordet er ein viktig reidskap.

Stiftinga G-Kultur har forvalta og teke hand om arven etter Gudbrandsdalslaget ut frå respekt for alle dei tusenvis av unge dølar som var medlemmer i laget og gjorde det til ein svært viktig og verdifull møteplass og sosial arena. Nå ser vi det som vårt oppdrag å avslutte 100 års historie og føre arven vidare, ved å invitere dagens unge menneske til å fundere på si eiga framtid og det samfunnet dei kan sjå for seg.

Med «Unge røyster» ønskjer vi å stimulere eit felt som har vore lite synleggjort i verksemda til Stiftinga G-Kultur så langt. Vi håpar at dette er eit initiativ som skolane, kommunane, biblioteka og det lokale kulturlivet m.fl. i Gudbrandsdalen vil finne interessant og hjelpe oss med å formidle til dei unge.